

# Idrettscampus Bergen

## – Styrke i samspel

Idrettscampus Bergen er eit samarbeid mellom Bergen kommune, Høgskulen på Vestlandet, Haukeland universitetssjukehus, Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, Sportsklubben Brann, Universitetet i Bergen og Hordaland fylkeskommune.

Verdiane er: Inspirerende - Kompetent - Opne - Nyskapande

Hovudmålet for Idrettscampus Bergen er å styrkje arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Hordaland gjennom å etablere møteplassar for kvalitet, kunnskapsformidling og kompetanseutvikling. Målet skal nåast gjennom å styrke ti definerte satsingsområde.

## Dagleg leiar – Idrettscampus Bergen

*Prosjektstilling i 2 år med mogleg forlenging*

Til å etablere prosjektet og utvikle samarbeidet mellom aktørane søkjast ein handlekraftig leiar med stor motivasjon til å løfte prosjektet Idrettscampus Bergen vidare.

### Sentrale ansvarsområder og arbeidsoppgåver

- Ivareta dei involverte aktørane sine interesser, involvere og fremje samhandling
- Drive fram etableringa og utviklinga av Idrettscampus Bergen i tråd med oppsett strategiplan
- Dagleg drift, styring, plan og budsjettarbeid
- Ekstern og intern kommunikasjon og marknadsføring
- Planlegge, koordinere prosjekter, ressursar og kompetanse
- Søke ekstern finansiering

Dagleg leiar rapporterer til styringsgruppa og er leiar av ei arbeidsgruppe med representantar frå aktørane i prosjektet.

### Kvalifikasjonar

- Relevant høgare utdanning frå høgskule (minimum 180 sp)/ universitet (3 år) eller anna relevant utdanning.
- Erfaring frå leiing, prosjektstyring og koordinering av prosjekt samt kjennskap til dei involverte aktørane.
- Kjennskap til politiske prosessar.
- Det er ønskeleg med erfaring med å utvikle og bygge opp bedrifter og/eller andre typar organisasjonar.

Tilsetting blir gjort med ei prøvetid på 6 månader.

### Personlege eigenskapar

- Stort driv med ein sterk motivasjon
- Engasjert, initiativrik og fleksibel
- God relasjonsbygger, sosial, diplomatisk og sterk på samarbeid
- Gode kommunikasjonsevner
- Evne til heilskapleg og strategisk tenking

